



SAKSPROTOKOLL

Arkivsak-dok. 20/06962
Arkivkode
Sakshandsamar Asbjørn Helleve

Behandla av	Møtedato	Saknr
1 Utval for kultur og næring	11.11.2020	35/20

Felles kriterier for omklassifisering av kommunale vegar

Utval for kultur og næring har handsama saka i møte 11.11.2020 sak 35/20

Møtehandsaming

Vidar Skeie kom med fylgjande framlegg til vedtak:
Som rådmannen sitt framlegg med unntak av punkt 4 og 5 som blir teke ut.

Benedicte Kragh kom med fylgjande framlegg til endring:
Bytte ut ordet *større* med *til dømes* i punkt 3.

Votering

Vidar Skeie sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedteke.
Benedicte Kragh sitt endringsframlegg blei samrøystes vedteke.

Vedtak

Kriterium for kommunale vegar som kan vurderast omklassifisert til private vegar:

1. Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
2. Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar).
3. Vegar som ikkje er nytta til allmennyttige formål/interesser (td. tur/friluftsområde).
4. Bakgardar/gatetun/blindveg.

For at ein veg kan vurderast omklassifisert er det nok at den stettar eit av kriteria.